

# Referat foreldremøte 6.og 7.trinn

---

Tysdag 13.mai kl 18.

Saksliste

## Felles

### 1. Oppsummering av året som har gått

Grappa har til tider hatt litt utfordringar med samspelet og det har vore vanskeleg for elevgruppa. Me har brukt ein del tid på dette, for å gjera skulekvardagen god for alle. Mykje har handla om usikkerhet, så me har hatt fokus på å byggja sjølvbilete og tilhørighet i klassen. Tiltak som vart sett i gang var komplimentsirkel jamnleg, relasjonsbygging i små grupper, Undervisningsopplegget Aktøren, samtalar i grupper etter kvart. Me har hatt matpause felles i sofaen med ein vaksen til stades. Pr dags dato er det greitt i klassen, og me håpar at resten av skuleåret skal vera godt for alle.

Utgangspunktet ved skulestart var planlagt etter rutinar, lekser og arbeidsmetodar i forhold til formalfag i samla gruppe med to trinn. Dette har gått greitt, og begge gruppene har fått jobba med fagstoff på begge nivå etter behov. Det har vore hektisk og me har merka at det har vore meir travelt dette året enn tidlegare, så alle ambisjonane frå skulestart har ikkje vorte innfridd. Elevane har fått innsikt i den nye læringsplattforma Canvas. Me har begynt å bruke det, og målet er at det skal nyttast meir aktivt neste skuleår.

Me har fått gjennomført mange arrangement for skulen. Me har hatt 3 ulike engelskprosjekt for andre klassar på skulen. Kvar tysdag i periodar har me hatt trivselsfriminutt for alle elevane der me har aktivisert til felles leik. Før jul var det gruppa vår som laga og serverte julegraut for resten av skulen. I tillegg har me hatt matstove for dei eldre i bygda ein gong i månaden. Denne gjengen har gjort ein flott jobb og viser ansvar og arbeidslyst.

Turen til Dyrkolbotn var ei god oppleving for gruppa. Det var godt samspel og elevane oppførte seg på ein god måte. Det merka seg ut på god oppførsel, og det var ei kjekk gruppe å reise med.

### 2. Aktivitetsplan resten av skuleåret.

23.mai : Tur til Bergen på belønningstur

24.mai: Tur på Kolåstoppen

28.mai: FairPlay-turnering på Lindås

29.mai: Elevane som skal begynne på Lindås besøker skulen

13.juni: 7.klasseavslutning, 6.klasse lagar til.

20.juni: Skulen sluttar kl 12.